Årsmøte Varhaug Bygdekvinnelag



Lensmannsløa

24. september 2026 kl. 19.00.

Vedtektene til Norges Bygdekvinnelag

§ 1Foremålet med organisasjonen

Norges Bygdekvinnelag arbeider for levande og inkluderande lokalsamfunn. Vi er partipolitisk uavhengige. Vi er ein pådrivar for norsk matproduksjon, likeverd, demokrati og mangfald. Vi styrkjer kvinner gjennom nettverk, kunnskapsdeling og praktiske aktiviteter med respekt for vår felles kulturarv og med blikk mot framtida.

Bygdekvinnelaget sin visjon

For fellesskap, kunnskap og inkludering

Saksliste:

1: Opning.

2: Godkjenning av innkalling og saksliste.

3: Valg av møteleiar og referent.

4: Valg av 2 personer til å skrive under protokollen.

5: Årsmelding.

6: Reknskap.

7: Innkomne saker.

8: Ordet fritt.

9: Valg.

10: Godtgjering til styret.

Årsmelding:

Dette året har vore eit godt år. Laget har mange faste aktivitetar mellom anna lagsmøter siste torsdagen i månaden.

Den årlege basaren er eit arrangement som gir gode inntekter og muligheter for styret til å bruka pengar på medlemspleie.

Den store hendinga i laget var 90-årsjubileet 27. november med 60 gjester, medlemmer og innbudte gjester. Rogaland bygdekvinnelag, Varhaug bondelag og Varhaug BU var representert. Sjur Håland hadde kåseri, «Fordelar og ulemper med kjerringer», minikonsert med Nils Gunnar Rage og Bengt Larsen, sursteik frå Kafe Jærbuen og jubileumskake. Johan Omland leia kvelden.

Styret har hatt 8 møter og behandla 24 saker.

Aktivitetar laget har delteke på:

- Marken på sjukeheimen der vi bakte og solgte norlandslefser.
- Bakte til arrangement på idrettshuset
- Pynta i kyrkja til hausttakkefesten
- Judit deltok på lokallagssamlinga på Kronen gård
- 2 personar deltok på årsmøte i Bygdahuset
- 1 person deltok på årsmøte i Varhaugbuen
- Vi har hatt innlegg i Varhaugbuen kvart nummer
- Tok opp bestilling og bakte nordlandslefser.
- Serverte på bondelaget sitt 105 års jubileum.
- Var på «strikketur» til Kristiansand, 16 deltok.
- Kakesalget på idrettshuset på 17. mai.
  Takk til alle som kom med kaker.
- Luka litt i bedet på Klokkerhagen.
- Arrangert fyrstehjelpskurs.
- Delteke på Varhaugmarken med frokostservering på lørdagen.
- Var på skulen og hjalp til med strikkeopplæring i 5. klasse.

- Lefsekurs.
- Judit var på 9 dagars tur til Rogalandsgarden i Kamerun.
- Ingen var på årsmøte i Rogaland bygdekvinnelag i Suldal.
- Ingen var på årsfesten til Svala 4H. men ein av medlemmane fekk ei påskjønning frå bygdekvinnelaget.
- Vi prøvde å stella til kurs i potetkake og flatbrødbaking men dette måtte avlysast på grunn av få påmeldte.

Medlemsmøter

28. aug: Basar

25. sept: Årsmøte

30. okt: Psykolog Astrid Moi Vårdal var med

27. nov: 90-års jubileum

29. jan: Spelekveld

26. feb: Om framtidsfullmakt og banksvindel

26. mars: Sonemøte

23. april: Møte i lag med Hagelaget på Bondekompaniet

28.mai: «Resten av Varhaug»

Faste aktivitetar

Strikkekafe fyrste tysdag i månaden på Bygdahuset.

Gågruppe kvar mandag.

Trim på idrettshuset m Ruth Irene Kristensen kvar tysdag.

Gåver:

Kr 678	Blomar i gangen i den gamle hallen på idrettshuset
Kr 2000	Svala 4H
Kr 838	Gave til jubileet i bondelaget
Kr 2000	Kyrkjelydsbladet
Kr 500	Gevinstar til sonemøte

Laget eig:

Laget er medeigar i Bygdahuset og bidreg med vask og dugnad, Varhaugbuen og eig fana i lag med Bondelaget.

Laget eig 2 steiketakker, 1 liten fryseboks, kaffetraktere og 1 Kenwood miksmaster.

Laget eig og ein datamaskin, sølv lysestaker, pokaler og diverse saker som står på lageret på Bygdahuset.

Medlemmer:

Laget har nå 90 medlemmer.

Representasjon:

Bjørg Reime Håland er bygdekvinnelaget sin representant i styret i Bygdahuset.

Astrid Skretting er styremedlem i styret i Rogaland bygdekvinnelag.

September 2026

Astrid Skretting	Judit Åmodt	Julian Årdal Nesvik
Leiar	Nestleiar	Sekretær
Siri Skretting	Åse Sleire	
Kasserar	Styremedlem	

Styret dette året har vore:

Leiar:	Astrid Skretting
Nestleiar:	Judit Åmodt
Sekretær:	Juliann Årdal Nesvik
Kasserar:	Siri Skretting
Styremedlem:	Åse Sleire
Styremedlem:	Marit Hafver (valgte å fråtre vervet i mai)
Varamedlem:	Wenche Hobberstad
Revisor:	Inger Haugstad
Revisor:	Kari Aase

Varhaug Bygdekvinnelag

Rekneskap 01.07.2025 - 30.06.2026

Inntekter	2024/2025	2025/2026
Arrangement/møter	60 274,18	40 821,65
Turer	18 678,00	8 970,00
Kurs		2 751,00
Basar	48 659,04	34 016,53
Tilskot Hå kommune	7 000,00	7 000,00
Momskompensasjon	15 133,00	10 636,00
Inntekt salg div.	14793,61	31 520,75
Renterinntekter	136,00	76,00
Sonemøte		12 969,30
Sum	164 673,83	148 761,23

Utgifter	2024/2025	2025/2026
Honorar*	9 000,00	11000,00
Arrangement/møter	82 748,93	100933,99
Turer	17 760,00	8548,00
Kurs		5000,00
Basar	5 823,79	5399,80
Kontormatr./gaver	12 424,60	9 560,30
Årsmøte fylke	7 571,00	595,00
Gebyr	711,75	628,75
Sum	136 040,07	141 665,84

Underskot/overskot 7 095,39

Rekneskapet har i grunnen et underskot på kr 5873,91 for kr 12.969,30 som er overskot på Sonemøte skal øverføres til Venelaget for Lensmannsgarden sitt Foredrag "Åpen dag på lukket avdeling"

*Honorar: Leiar kr 3000, nestleiar kr 2000,styremedlemmer og 1.varamedlem kr 1000

Balansekonto	01.07.2026	01.07.2025
Konto		290 652,30
Overskot		7 095,39
	297 747,69	297 747,69

Rekneskapet er gått gjennom og funnet i orden.Eige rekneskap for trimmen er ført av Oddbjørg Skrettingland, og det er revidert ok.

Varhaug 12.august 2026

Siri Skretting — kasserer

Inger Haugstad — revisor

Kari Aase — revisor

Innstilling fra valnemda.

Leder; ?????		1 år	
Nestleder:	Anette Håland	2 år	ny
Sekretær:	Kristin Søyland	2 år	ny
Kasserer:	Siri Skretting	1 år	igjen
Styremedlem:	Åse Sleire	1 år	igjen
Styremedlem:	Ingrid Alida Gjedrem	1 år	ny for 1 år
1.varamedl:	Aud Marit Jelsa	1 år	ny
2.varamedl .	Wenche Hobberstad	1 år	gjenvalg
Revisor:	Kari Aase	1 år	igjen
Revisor:	Inger Haugstad	2år	gjenvalg

Styregodtgjørelse:

Leder:	kr. 5000,-
Nestleder:	kr. 3000,-
Sekretær:	kr .1500.-
Kasserer:	kr .1500,-
Styremedl:	kr. 1000,-
Varamedl.	kr. 500,-

Valnemd :

Linn Vetrhus Lode 1 år igjen

Kristin Søyland 2 år igjen, men ny må veljast sidan ho står på val inn i styret.

Oddbjørg Skrettingland fratrer etter 3 år,